



DET KONGELEGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Instedalen Skianlegg
Åsmund Berthelsen

Dykkar ref

Vår ref

Dato

13/1056

10.09.2014

**Vedtak i klagesak om kjøring av skispor med snøskuter - Naustdal-Gjengedal
landskapsvernområde**

Vi viser til oversending 10. september 2013 frå Miljødirektoratet av klagesak i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde.

Departementet har stor saksmengde, og vi beklagar den lange saksbehandlingstida.

Saka gjeld oppkøyring av skispor mellom Vonavatnet og Fosselvkråna. Klima- og miljødepartementet meiner at vilkåra for å gje dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 er oppfylt. Departementet finn ikkje grunn til å overprøve skjønnet til verneområdestyret når det gjeld vurderinga av om det bør gis dispensasjon, og vi tar ikkje klagen til følge.

Bakgrunn for saka

Instedalen Skianlegg BA søkte 25. september 2012 om løyve til å nytte snøskuter med sporsettar til å køyre opp skiløype frå Vonavatnet til Gotdalen ein gong i veka frå 1. januar til 1. april 2013. Løypa ligg inne i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde og verneområdestyret handsama søknaden i styremøte nummer 7/2012. Styret slo fast at køyringa er i strid med forskrifta for verneområdet § 3 punkt 5.1 som forbyr motorferdsel i landskapsvernområdet. Styret vurderte så om det var grunnlag for å gi dispensasjon frå verneforskrifta etter naturmangfoldloven § 48. I drøftinga la styret vekt på at søknaden er i samsvar med vernet sitt føremål som mellom anna er tradisjonelt friluftsliv, at løypekøyringa ikkje vesentleg vil endre landskapet sin art eller karakter, og at løypekøyringa vidarefører ein lang tradisjon i Vonamarka og difor er av vesentleg samfunnsmessig verdi.

Verneområdestyret ga dispensasjon til sporkøyring mellom Vonavatnet og Fosselvkråna inntil ein tur per veke med unntak av søn- og heilagdaggar i tidsrommet 1. januar 2013 til 1. april 2013. Det blei presisert at Statens naturoppsyn kan stoppe køyringa dersom omsynet til villrein krev det.

Dispensasjonen blei påklaga i brev datert 27. desember 2012 av Marius Ness og Olav R. Fimland som er grunneigarar i området. Dei peiker på at aktiviteten i området har gått tilbake dei siste 15-20 åra trass i oppkøyrde løyper og god parkering, og dei meiner at det ikkje er behov for meir løypekøyring i Nes-Vonamarka. Dispensasjonen blei også påklaga av Villreinnemnda for Sogn og Fjordane i brev av 28. desember 2012. Nemnda klaga på dispensasjonen fordi dei ønskjer å skåne villreinområdet mot faste skiløypetraséar med så jamn bruk at det kan skape trekkbarrierar. Sjølv om det har vore lite villrein i området i dei siste åra, peiker nemnda på at reinen nyttar ulike delar av leveområda sine i syklusar, og at det er viktig med langsiktig forvaltning av eit villreinområde. Vidare meiner nemnda at det finst alternative traséar i området, og sporkøyra si nytte for friluftslivet er svært overdriven.

Styret i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde fann ikkje grunnlag for å ta klagen til følge, og sende saka til Miljødirektoratet 11. februar 2013. I sitt brev datert 10. september 2013 tilrådde Miljødirektoratet at løyve til oppkøyring av skispor med snøskuter blir endra. Direktoratet meinte at oppkøyring av løypa med snøskuter ikkje er i tråd med landskapsvernområdet sitt føremål om at området også skal kunne nyttas til tradisjonelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging. Direktoratet meinte difor at det ikkje er heimel i naturmangfoldloven § 48 til å gje dispensasjon til køyringa, og sende saka vidare til Klima- og miljødepartementet. Departementet har etter det fått brev frå Instedalen Skianlegg kor dei legg fram sitt syn på saka.

Vi syner til tidligare dokument i saka og gir ikkje ytterlegare saksframstilling.

Klima- og miljødepartementet sitt syn på saka

Motorferdsel er forbode etter verneforskrifta for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde § 3 punkt 5.1. For å kunne køyre opp skispor med snøskuter er Instedalen Skianlegg avhengig av ein dispensasjon etter naturmangfoldloven (nml.) § 48. Etter nml. § 48 kan det bli gitt dispensasjon frå verneforskrifta dersom det ikkje strir mot formålet til vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Myndighetene kan gi dispensasjon etter naturmangfoldloven § 48 dersom det ikkje strir mot formålet til vernevedtaket og dersom det ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. I forskrifta til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde heiter det i § 2 om formålet med vernet:

”Formålet med vernet er å ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde som er så godt som fritt for tyngre tekniske inngrep, og som har stor variasjon i natur frå lågland og stølsdalar til fjellområde med brear, mange dalar med elvar og store og mindre vatn. Det er vidare eit formål å ta vare på kulturlandskapet med dei kulturminna det

inneheld. Området skal også kunne nyttast til tradisjonelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.”

Etter formålet skal altså området kunne nyttast til tradisjonelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging. Departementet meiner at den omsøkte løypekøyninga ikkje stir mot dette. Det er tradisjon for å bruke området til langrenn. Sporkøyninga som det er søkt om, er berre 4-5 km lang og verkar inn på ein avgrensa del av verneområdet. Det er også satt krav til at løypekøyninga skal gjennomførast på ein omsynsfull måte. Vidare meiner departementet at sporkøyninga ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Vilkåra for å gi dispensasjon er altså oppfylt.

Når det gjeld den skjønnsmessige vurderinga av om dispensasjon bør gis, finn Klima- og miljødepartementet ikkje grunn til å overprøve Naustdal-Gjengedal verneområdestyre, og vi opprettheld dispensasjonen til sporkøyning mellom Vonavatnet og Fosselvkråna.

Vedtak

Klima- og miljødepartementet tar ikkje klagene frå Marius Ness og Olav R. Fimland og Villreinnemnda for Sogn og Fjordane til følgje. Departementet stadfester Naustdal-Gjengedal verneområdestyre sin dispensasjon datert 10. desember 2012 gitt med heimel i naturmangfoldloven § 48.

Dette vedtaket er endeleg og det kan ikkje bli påklaga.

Med helsing

Øivind Dannevig (e.f.)
avdelingsdirektør

Bjørn Bugge
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskriven signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Miljødirektoratet

Njøsavegen 2
Postboks 5672 Sluppen

6863 LEIKANGER
7485 TRONDHEIM